


BREIESLEIREN



Breiesleiren ved Bergatjednet var heimefrontsleir og i bruk av motstandsfolk under andre verdskrig i perioda 1944–1945. Leiren vart sett i stand att i 1994. Det var aldri nokon stor styrke her på Breiesleiren, 25 mann på det meste. På ei tid var det åtte russerar i leiren. Desse hadde klart å kome seg hit etter slavearbeid og krigsfangenskap hjå tyskarane. Med unnatak av ein som var sterkt skada, tok russarane seg etter kvart over til Sverige saman med tre norske skiløparar.



Odd Hodne i Breiesleiren 1941. Foto utlånt av Kåre Nyhagen

Leiren hadde fleire funksjonar. Det var mellom anna viktig å fylgje med tyskarane sine lytteposter på Ossetra og på Etna stasjon. Desse låg respektive to og ein halv og sju kilometer unna, og hadde ei samla soldatstyrke på eit par hundre mann. Det vart etablert faste stillingar rundt leiren. Der som det vart angrep, visste alle kvar dei skulle stille opp. Mannskapet i leiren var heile tida førebudd på angrep, og alt utstyr var heile tida ferdig pakka med klesskift, matrasjoner og anna naudsynt utstyr. Våpen var det därleg med i leiren, men ein var i stand til å forsvare seg ved kortare trefningar.

Kjelde: Etnedal historielag. Beretningen om Breiesleiren

